



**Frå midnatt natt til i går og fram til litt over midnatt i dag kom det 106 millimeter nedbør på Korsnes og det var ikkje til å ungå at det gjekk ut over vegane. Vatnet grov godt langs sentrale ferdelsårar og mykje av dagen i dag går med til reparasjonar. Lukkelegvis kom det ikkje vatn inn i nokon av kjellarane, etter det uskedalen.no erfarer**

Men no er det snart 'på han igjen'! I skrivande stund (klokka 14 måndag) har meteorologane gått ut med nytt varsel. Heldigvis er det ikkje så ekstremt som det i går - det stoppar på mellom 30 og 60 millimeter!

Biletet over er av ein av vegskadane på Korsnes - på biletet under er han reparert.

Tekst, foto og nett: Ola Matti Mathisen

